

Utfyllande retningslinjer for ph.d.-programmet Utdanning, språk og kultur ved Høgskulen i Volda

Desse retningslinjene for ph.d. i Utdanning, språk og kultur utfyller og konkretiserer nokre av paragrafane i «Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen i Volda». Nummereringa i det følgande viser til dei aktuelle punkta i forskrifta.

§ 5 Opptak

§ 5-1 Vilkår for opptak

Opptakskravet er relevant mastergrad (ev. hovudfag eller tilsvarande) med karakteren B eller betre. Dette karakterkravet gjeld både sjølv masteroppgåva og gjennomsnitts- eller hovudkarakter for graden. Unntaksvis kan det takast opp søkjarar med lågare karakter dersom det vert lagt fram dokumentasjon som sannsynleggjer at kandidaten er eigna for ph.d.-utdanning. Søkjarane skal ha vitnemål frå humanistiske (inkludert medie- og kulturfaglege), pedagogiske og fagdidaktiske masterprogram, frå utdanningsvitskaplege profesjonsutdanningar med integrert mastergrad, eller frå andre relevante mastergradsprogram.

§ 5-2 Søknad om opptak

Søknaden om opptak skal innehalde:

- Dokumentasjon av utdanninga som skal ligge til grunn for opptaket
- Prosjektpresentasjon med tema og problemstilling, helst relatert til relevant teori og eksisterande forskning. Vidare skal det gjerast greie for metode, praktisk gjennomføring og eventuelle etiske og juridiske utfordringar i prosjektet
- Framdriftsplan for gjennomføring av utdanninga, inkludert opplæringsdelen
- Finansieringsplan (søkjarar som ikkje kan vise til fullfinansiering gjennom stipend eller liknande vil normalt ikkje få opptak)
- Framlegg til rettleiar(ar)
- Plan for ev. opphald ved annan institusjon i inn- eller utland
- Plan for fagleg formidling

§ 5-5 Opptaksvedtak

Doktorgradsutvalet gjer vedtak om opptak basert på ei samla vurdering. Vurderinga av søkjarar skjer etter kvalitetskriterium med særleg vekt på prosjektpresentasjonen, men det vert også teke omsyn til kompetansen i fagmiljøa og kapasiteten til å gje god rettleiing.

§ 7 Rettleiing

§ 7-2 Innhald i rettleiinga

Arbeidet med ph.d.-prosjektet er aktiv forskning under rettleiing. Total tidsbruk for rettleiar(ane) er stipulert til 240 arbeidstimar for kvar kandidat (80 timar pr. år). I tillegg til direkte kontakt med kandidaten inkluderer dette førebuing, gjennomlesing og oppfølging, rapportering og administrasjon. Rettleiar skal introdusere kandidatar i aktuelle forskingsmiljø og gje råd om vitenskapleg publisering så vel som deltaking i relevante faglege fora nasjonalt og internasjonalt.

§ 8 Opplæringsdel

§ 8-1 Føremål, innhald og omfang

Føremålet med opplæringsdelen er å gje innsikt i teori og metodar som trengst for arbeidet med avhandlinga – og samstundes gje ei generell vitenskapleg skulering som er ønskeleg for seinare verke. Kvar kandidat skal planlegge gjennomføring av opplæringsdelen i samråd med rettleiar. Opplæringsdelen bør fullførast tidleg i studiet. Studieplanen for programmet gjev utfyllande informasjon om omfang og læringsutbyte gjennom obligatoriske og valfrie emne.

§ 9 Rapportering, midtvegs- og sluttseminar

I evalueringsgruppene for midtvegs- og ev. sluttseminar skal det normalt vere ein fagtilsett frå HVO og ein ekstern. Den eksterne medlemen har ansvar for å levere skriftleg rapport innan ei veke etter at evalueringa/seminaret er gjennomført.

§ 10 Ph.d.-avhandlinga

§ 10-1 Krav til avhandlinga

Same krav til vitenskapleg kvalitet gjeld enten avhandlinga er ein monografi eller ei samstilling av fleire mindre arbeid (forskingsartiklar og «kappe»). Avhandling som monografi skal ha samandrag, introduksjon, føremål, metode, resultat, diskusjon, konklusjon og referansar. Omfanget vil vanlegvis vere mellom 200 og 300 sider.

Dersom avhandlinga er ei samling av mindre arbeid, skal ho normalt ha tre eller fire artiklar som er skrivne for fagfelleverderte vitenskaplege publiseringsskanalar. Av desse skal minst to vere publiserte eller aksepterte ved innlevering av avhandlinga. Talet på artiklar må vurderast i høve til omfang og kvalitet og av kor stor del som er kandidatens eige arbeid.

Kandidaten skal vere førsteforfattar på artiklane og normalt eineforfattar på minst ein. Det må kunne identifiserast kva som er kandidatens sjølvstendige arbeid, og ved innlevering skal det følge med ei stadfesting av dette med underskrifter av medforfattarane.

I tillegg til artiklane skal det utarbeidast ei samanstilling («kappe») som gjer greie for heilskapen i avhandlinga og som inneheld ein oppdatert og samanfattande diskusjon. Her kan kandidaten i tillegg utdjupe, oppdatere, kritisere og eventuelt korrigere element i artiklane. Samanstillinga (kappeteksten) bør ha eit omfang på 50–100 sider utanom referanseliste – og innehalde samandrag, liste over artiklane, introduksjon, føremål, metode, resultat, diskusjon, konklusjon og referansar. Denne teksten skal vere eit sjølvstendig arbeid med kandidaten som eineforfattar.

Avhandlinga vert vurdert slik ho er innlevert, men kandidaten kan søkje om å få rette opp eventuelle formelle feil. Då må det leverast ei liste over feila (errata-liste) som kandidaten vil ha retta opp.

[redigert versjon vedteken av Doktorgradstuvalet for Utdanning, språk og kultur 2.12.2024.]